

**Fra:** Bjørn Villanger <villanger18.4@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 20. september 2021 20:36  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Emne:** Merknad til «Revidert oversending av klage på løyve til frådelling av ny bustadtomt med våningshus nr. 1 - gbnr 418/9 Villanger» – Klargjering av grense mot nabo mm.

**Merknad til «Revidert oversending av klage på løyve til frådelling av ny bustadtomt med våningshus nr. 1 - gbnr 418/9 Villanger» – Klargjering av grense mot nabo mm.**

Viser til tilsendt dokument datert 13.09.2021 med overskrift «Revidert oversending av klage på løyve til frådelling av ny bustadtomt med våningshus nr.1 - gbnr 418/9 Villanger», dykkar ref: 20/7629 – 21/60336. (Strengt teke er det vel frådelling av ein ny fritidsbustad saka gjeld.)

I avsnitt 2 på side 1 i dokumentet heiter det, sitat: «I tillegg opplys tiltakshavar, Arild [skal vere: Arvid] Villanger, i telefonsamtale med sakshandsamar i dag at han etterlyser ei klargjering kvifor Bjørn Villanger er rekna som nabo då han ikkje direkte grenser til gbnr 418/9 **eller gbnr 418/6.**» (Mi utheving.)

Mitt bruk har gbnr. 418/4, dessutan leiger eg gbnr. 418/8. I klargjeringa frå kommunen, side 2 i dokumentet, heiter det: «Slik kartutsnittet her viser, så ligg gbnr 418/4 og gbnr 418/8 i nærleiken av gbnr 418/9 og 418/6, men gbnr 418/4 og gbnr 418/8 har ikkje felles grense med gbnr 418/9.» Dette er slik sett korrekt. Men: tiltakshavar er eigar av det *de facto* samanslåtte bruket gbnr. 418/6 og 9, og desse to bruka har høyrte saman like sidan gbnr. 418/6 i 1974 vart lagt til som tilleggsjord til gbnr. 418/9. I tidlegare klage frå tiltakshavar i den føreliggjande saka viser han også til at saka gjeld gbnr. 418/6 og 9.

Og kva gjeld grensa mellom 418/4 og gbnr 418/6, er stoda som følgjer:

1. Gbnr. 418/6 og gbnr. 418/4 har 38 meter felles grenselinje i innmarka i ein strekning langs vegen på Nordre Villanger, grensa går på nordaustre side av denne vegen, mellom adressene Nordre Villanger 10 (gbnr. 418/4) og Nordre Villanger 20 (gbnr. 418/3).

Grensa er definert i utskiftinga av innmarka på Villanger (tinglyst 04.02.1895), og er der skildra såleis: «*9de Linie mellem B.No. 6 paa nordøstre og 4 paa sydvestre Side, begynder i 7de Linies Endepunkt gaar i omtrent nordvestlig Retning ca. 20,5 og 17,5 M. til Mærkestene, hvor Linien ender [...]*».

Grensa mellom dei to bruka bnr. 6 og 4 er naturlegvis teikna inn på utskiftingskartet for innmarka, og den er også med på alle moderne kart, t.d. [Nordhordlandskart](#).

2. Av det føregåande følgjer at ein del av vegen på Nordre Villanger går over min grunn (gbnr. 418/4), og det i ein strekning på 55-60 meter, og den passerer gjennom tunet og klin inni husveggen på våningshuset på gbnr. 418/4. (Ei frådelling vil såleis føre til meir trafikk gjennom mitt gardstun.)

Det er såleis klårt at dette kvalifiserer til at eg skal reknast med som nabo i den føreliggjande saka.

Eg forventar at denne eposten blir lagt ved saksmappa for denne saka.

Med helsing

Bjørn Villanger  
Mobil: 99 30 50 00  
E-post: [villanger18.4@gmail.com](mailto:villanger18.4@gmail.com)

PS:

Eg har registrert at tiltakshavaren, Arvid Villanger, i sommar har rive driftsbygningen på gbnr. 418/6 og 9. Dette er eit tiltak som vel er søknadspliktig og også gebyrpliktig, slik eg les Alver kommune sine heimesider. Tiltaket skulle dessutan vore nabovarsla, og kanskje også klarert med kulturmynda i kommunen all den tid delar av driftsbygningen var rimeleg gamle. Uansett: noko nabovarsel er ikkje sendt, slik eg forstår det. Eg reknar difor med at Alver kommune ved høve ser nærare på dei formelle sidene ved den saka.